

KOMMISJONSVEDTAK

2013/EØS/73/23

av 20. desember 2007

om endring av vedtak 2002/231/EF, 2002/255/EF, 2002/272/EF, 2002/371/EF, 2003/200/EF og 2003/287/EF med sikte på lenging av det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til visse produkt, skal gjelde for

[meldt under nummeret K(2007) 6800]

(2008/63/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet, og

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonsvedtak 2002/231/EF av 18. mars 2002 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fottøy, og om endring av vedtak 1999/179/EF⁽²⁾ går ut 31. mars 2008.
- 2) Kommisjonsvedtak 2002/255/EF av 25. mars 2002 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsynsapparat⁽³⁾ går ut 31. mars 2008.
- 3) Kommisjonsvedtak 2002/272/EF av 25. mars 2002 om fastsettelse av miljøkriteriene for tildeling av fellesskapsmiljømerket til harde underlagsdekker⁽⁴⁾ går ut 31. mars 2008.
- 4) Kommisjonsvedtak 2002/371/EF av 15. mai 2002 om fastsetjing av miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tekstilprodukt, og om endring av vedtak 1999/178/EF⁽⁵⁾ går ut 31. mai 2008.

5) Kommisjonsvedtak 2003/200/EF av 14. februar 2003 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tekstilvaskemiddel, og om endring av vedtak 1999/476/EF⁽⁶⁾ går ut 29. februar 2008.

6) Kommisjonsvedtak 2003/287/EF av 14. april 2003 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til overnattingstenester⁽⁷⁾ går ut 30. april 2008.

7) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 er det i god tid vorte gjennomført ein revisjon av fellesskapskriteria og av dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som vart innførde ved dei nemnde vedtaka.

8) Ettersom revisjonen av desse vedtaka er på ulike stadium, bør det tidsrommet som miljøkriteria og krava skal gjelde for, lengjast med tolv månader for vedtak 2002/255/EF og 2002/371/EF, med 18 månader for vedtak 2003/287/EF og med 24 månader for vedtak 2002/231/EF, 2002/272/EF og 2003/200/EF .

9) Ettersom den pliktige revisjonen i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 berre gjeld miljøkriteria og krava til vurdering og kontroll, bør vedtak 2002/231/EF, 2002/255/EF, 2002/272/EF, 2002/371/EF, 2003/200/EF og 2003/287/EF halde fram med å gjelde.

10) Vedtak 2002/231/EF, 2002/255/EF, 2002/272/EF, 2002/371/EF, 2003/200/EF og 2003/287/EF bør difor endrast.

11) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 16 av 19.1.2008, s. 26, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 89/2008 av 4. juli 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 64, 23.10.2008, s. 20.

(1) TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

(2) TEF L 77 av 20.3.2002, s. 50. Direktivet sist endra ved vedtak 2005/783/EF (TEU L 295 av 11.11.2005, s. 51).

(3) TEF L 87 av 4.4.2002, s. 53. Direktivet sist endra ved vedtak 2007/207/EF (TEU L 92 av 3.4.2007, s. 16).

(4) TEF L 94 av 11.4.2002, s. 13. Vedtaket sist endra ved vedtak 2005/783/EF.

(5) TEF L 133 av 18.5.2002, s. 29. Vedtaket sist endra ved vedtak 2007/207/EF.

(6) TEU L 76 av 22.3.2003, s. 25.

(7) TEU L 102 av 24.4.2003, s. 82.

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I vedtak 2002/231/EF skal artikkel 5 lyde:

«Artikkel 5

Miljøkriteria for produktgruppa «fottøy» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. mars 2010.»

Artikkel 2

I vedtak 2002/255/EF skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Miljøkriteria for produktgruppa «fjernsynsapparat» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. mars 2009.»

Artikkel 3

I vedtak 2002/272/EF skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Miljøkriteriene for produktgruppen «harde underlagsdekker» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal være gyldige fram til 31. mars 2010.»

Artikkel 4

I vedtak 2002/371/EF skal artikkel 5 lyde:

«Artikkel 5

Miljøkriteria for produktgruppa «tekstilprodukt» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. mai 2009.»

Artikkel 5

I vedtak 2003/200/EF skal artikkel 5 lyde:

«Artikkel 5

Miljøkriteria for produktgruppa «tekstilvaskemiddel» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 28. februar 2010.»

Artikkel 6

I vedtak 2003/287/EF skal artikkel 5 lyde:

«Artikkel 5

Miljøkriteria for produktgruppa «overnattingstenester» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. oktober 2009.»

Artikkel 7

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 20. desember 2007.

For Kommisjonen

Danuta HÜBNER

Medlem av Kommisjonen